



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Arbeidsmiljøutvalet
Stad:	Herøy rådhus, Formannskapssalen
Dato:	19.11.2018
Tid:	13:00-14:30

Medlemer som møtte:

Johnny Hundsnes	Medlem	AP
Olaus-Jon Kopperstad	Leder	
Olaug Andreassen	Medlem	
Marina Hoff Myking	Medlem	
Oddbjørn Vinjevoll	Medlem	

Forfall:

Camilla Storøy	MEDL	KRF
Eli Karin Kvalsund	MEDL	
Arnulf Goksøyr	NESTL	H

Varamedlemer som møtte:

Ole Brubakk	Camilla Storøy	KRF
-------------	----------------	-----

Andre:

Kommunalsjef stab Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth

Personalleiar Ann Kristin Eiken

Kommunalsjef samfunnsutvikling Jarl Martin Møller

Til å skrive under protokollen saman med leiaren vart desse valde:

Olaug Andreassen og Johnny Hundsnes

Skriv delt ut i møte:
Saksframlegg AMU-sak 43/18.

Orienteringar:
Om arbeidet med medarbeiderfest 2019

underskrifter

Olaug Andreassen

Olaus Jon Kopperstad

Johnny Hundsnes

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 34/18	Godkjenning innkalling og sakliste
PS 35/18	Protokoll frå førre møte
PS 36/18	Referatsaker
PS 37/18	Sjukefråvær 2. tertial 2018
PS 38/18	Barnevern. Godkjenning av vertskommuneavtale mellom Herøy og Vanylven.
PS 39/18	Omorganisering i sektor for stab - Dokumentsenteret og politisk sekretariat
PS 40/18	Oppstart utgreiing av felles brannvern - Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven og Ørsta
PS 41/18	Revidering av heidringsreglement for kommunalt tilsette
PS 42/18	Budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022. Andre handsaming
PS 43/18	Interkommunalt samarbeid om felles brannsjef med Vanylven kommune
	Referatsaker
RS 1/18	Møteplan 2019

PS 34/18 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til tinnkalling og sakliste

PS 35/18 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokoll frå førre møte låg føre

PS 36/18 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatsaker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande

PS 37/18 SJUKEFRÅVÆR 2. TERTIAL 2018

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 07.11.2018

Arbeidsmiljøutvalet tek saka til vitande.

PS 38/18 BARNEVERN. GODKJENNING AV VERTSKOMMUNEAVTALE MELLOM HERØY OG VANYLVEN.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Arbeidsmiljøutvalet - 19.11.2018

Herøy kommune godkjenner framlegget til vertskommuneavtale om felles barnevern for Herøy kommune (vertskommune) og Vanylven kommune (samarbeidskommune).

Overføring av arbeidsoppgåver og avgjerdsmynde vert overført frå og med 1. januar 2019.

PS 39/18 OMORGANISERING I SEKTOR FOR STAB - DOKUMENTSENTERET OG POLITISK SEKRETARIAT

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 07.11.2018

Arbeidsmiljøutvalet tek omorganiseringa i Sektor for stab til vitende.

PS 40/18 OPPSTART UTGREIING AV FELLES BRANNVERN - HAREID, HERØY, SANDE, ULSTEIN, VANYLVEN OG ØRSTA

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Arbeidsmiljøutvalet - 19.11.2018

Herøy kommunestyre er positive til å utgreie eit formalisert samarbeid innan brannvern mellom kommunane Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven og Ørsta. Ein ber om at det vert arbeidd vidare med ein avtale som vert lagt fram til godkjenning om mogeleg før sommarferien 2019.

PS 41/18 REVIDERING AV HEIDRINGSREGLEMENT FOR KOMMUNALT TILSETTE

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Arbeidsmiljøutvalet - 07.11.2018

Arbeidsmiljøutvalet vedtek revidert "Reglement for heidring av medarbeidar" som det ligg føre.

Reglementet vert gjeldande frå 01.01.2019.

PS 42/18 BUDSJETT 2019 OG ØKONOMIPLAN 2019-2022. ANDRE HANDSAMING

Møtebehandling:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Arbeidsmiljøutvalet - 19.11.2018

1. Rammene til dei ulike avdelingane blir slik i 2019 (runda av til næraste kr 5.000,-).

	2019	2018
POLITISK LEIING	4.150	4.080
ADMINISTRATIV LEIING	1.835	1.795
STAB	46.780	45.960
Servicetorg	3.245	3.155
Dok senter/innkjøp/stabsleiing	4.135	3.925
Økonomiavdeling	5.375	5.690
Personal- og org.avdeling	7.355	7.425
IKT	7.430	6.610
Eigedom	19.240	19.155
OPPVEKST	186.620	183.550
Barnehageavdeling	71.370	68.320
Grunnskuleavdeling	115.250	115.230
HELSE OG OMSORG	219.695	205.725
Administrasjon helse og omsorg	1.335	1.305
Barn, familie, helse (ink NAV og flykting)	56.950	47.850
Pleie- og omsorgsavd	112.600	108.320
Bu- og habiliteringsavd	40.070	39.850
Tenestekoordinerer	8.740	8.580

SAMFUNNSUTVIKLING	34.820	33.215
Kulturavdelinga	8.990	8.575
Utviklingsavdelinga, ink Landbruk	8.360	7.630
Brannvernsavdelinga	8.300	8.800
Anleggs- og driftsavdelinga	9.170	8.210
OVERFØRINGSKAPITTELET	13.220	12.600
ØHJELP, MOTTA		(1.180)
SUM	507.420	486.925

2. Herøy kommune vedtek den gjeldande maksimalsatsen for inntektsskattøre for år 2019.
3. Kommunale avgifter, betalingsattsar, husleiger og eigendelar vert prisjustert om ikkje anna vert bestemt særskilt.
4. Det vert vedteke slike endringar i betalingsattsane:
 - a. Barnehagesattsane følgjer den statlege maksimalprisordninga i 2019.
Kr 2.990,- for heil plass + matpengar kr 360,- gjeldande frå 1 januar 2019 og kr 3.040,- for heil plass + matpengar kr 360,- gjeldande frå 1. august 2019
 - b. Husleiga for kommunale utleigebustadar vert regulert årleg etter kontraktsdato dersom endringa i konsumprisindeksen for same periode er positiv. Ved inngåing av ny husleige kontrakt vert veiledande husleige for leigeobjektet vurdert opp mot og eventuelt regulert til same nivå som for tilsvarende kommunale leigeobjekt. Dersom husleigesattsen for eit eller fleire kontraktsforhold avvik frå gjengs leige, kan forvaltar regulere husleiga til gjengs nivå i tråd med krava i husleigelova.
 - c. Vaksinasjon kr 350,- pr konsultasjon + dekning av vaksinekostnader.
 - d. Abonnementsordninga for heimetenestene vert slik:
 - Timepris: kr 380,- (kr 370,- i 2018)
 - 2-3 G – Kr 1.400,- per mnd (Uendra frå 2018)
 - 3-4 G – Kr 1.750,- per mnd (Uendra frå 2018)
 - 4-5 G – kr 2.100,- pr mnd (Uendra frå 2018)
 - Over 5 G – kr 2.450,- per mnd (Uendra frå 2018)
 - e. Leige tryggleiksalarmar kr 350,- per månad
 - f. Korttidsopphald institusjon kr 155,- pr døgn (uendra)
Kommunen vil automatisk oppjustere sine satsar i tråd med sentrale justeringar.
 - g. Dagplass ved institusjon kr 80,- pr dag (uendra).
Kommunen vil automatisk oppjustere sine satsar i tråd med sentale justeringar.
 - h. Sal av middag ved institusjonane kr 90,- pr middag (kr 90,- i 2017)
 - i. Utkøyring og sal av middag frå institusjonane kr 100,- pr middag (uendra)
 - j. Fullkost per mnd kr 3.600,- eller kr 170,- per døgn eller kr 120,- per dag (endra)
 - k. Kurdøgnprisen for opphald i institusjonane (sjukeheimane) vert sett til kr 2.150,- (kr 2.050,- per døgn i 2018).
 - l. Eigenbetaling for elevplass i Kulturskulen blir kr 3.600,- (kr 3.500,-) gjeldande Leige av instrument og utstyr blir kr 460,- per år. Betalingar for tenester til dirigent for vaksne kor og korps vert auka til kostpris. Alle endringane gjeld frå 01.08.2019. Eigenbetaling for SFO-plass. Gruppe 3 Full plass kr 2.705,- (kr 2.625,-). Gruppe 2 (inntil 14 timar) kr 2.225,- per mnd (2.160,-) og gruppe 1 (inntil 10 timar per veke) kr 1.576,- (kr 1.530,-). Matpengar og satsar for ferie-SFO vert auka med 3%. Alt gjeldande frå 01.08.2019.
 - m. Eigenbetaling for norskopplæring for vaksne: Kr 145,- per gong på dagtid og kr 155,- per gong på kveldstid. Prisane gjeld frå 01.01.2019.
 - n. Tilknytningsavgift for kloakk, kloakkgebyr, feieavgift, renovasjonsavgift, avgift for tvungen slamtømming vert fastsett for 2019 gjennom egne vedtak i kommunestyret.

- o. Gebyrsatsane for byggesak, plan og oppmåling aukar med 3% frå 2018 til 2019
- p. Andre avgifter, betalingssatsar etc som ikkje er nemnt over aukar med 3,0%

(Når det gjeld prisane innan pleie- og omsorg er målsetjinga eins prisar for alle kommunane på Søre Sunnmøre med unntak av kurdøgnprisen som reflekterer kva det kostar per døgn å bo på institusjon (sjølvkost).

- 5. Investeringsprosjekt som det er løyvd budsjettmidlar til i 2018, men som ikkje er avslutta, vil automatisk få overført unytta ramme til 2019

- 6. Budsjettet for 2019 fører til slike nye faste stillingsheimlar:

- 100% stilling som psykolog finansiert av øyremerka statstilskott (omlag kr 400.000,-. Kommunal eigendel omlag kr 550.000,- vert å dekkje innanfor ramma.
- 140% stilling inna kvardagsrehabilitering. Finansiert med kr 620.000,- i statstilskott. Kommunal eigendel omlag kr 300.000,- vert å dekkje innanfor ramma.

- 7. Kommunestyret ber om at stillingar vert haldne vakante så lenge det er forsvarleg.

- 8. Kommunestyret godkjenner at det vert innhenta ekstern konsulentbistand for å utvikle konkrete sparetiltak tilsvarande 17 mill kr. Arbeidet skal bygge på KOSTRA-analysen som allereie ligg føre. Det skal søkjast OU- midlar til finansieringa av konsulentbistanden. Tiltaka skal vere realistiske og gjennomførbare. Prosessen skal gjennomførast så snart som råd og rapport med tiltak skal ligge føre seinast 01.04.2019.

- 9. Det vert lagt fram særskilde saker for handsaming av avtalevilkår og økonomisk deltaking når søknad ligg føre, når det gjeld saker knytt til planlegging og utbygging i samband med næringsutvikling og infrastrukturanlegg.

- 10. Alle investeringsprosjekt, også dei som er omfatta av kloakkrammeplanen, skal så snart dei er ferdige leggest fram for kommunestyret for endeleg godkjenning (økonomisk avslutning).

- 11. Budsjettrapportering og rapportering etter måltal skal skje kvart tertial 30.04 og 31.08.

- 12. Kommunestyret vedtek eit låneopptak på NOK 88,0 mill for 2019. Ordførar og/eller rådmann får fullmakt til å ta opp og godkjenne lånevilkåra innanfor oppgitt låneramme i budsjettet (lånesummen kan bli justert ned til innstillingsmøtet i formannskapet).

- 13. Herøy kommunestyre godkjenner ein trekkrett i Danske Bank AS på inntil 100,0 mill kr. til utløpsdato for gjeldande bankavtale 01.09.2019 med oppsjon fram til 01.09.2020.

- 14. Kommunestyret vedtek låneporteføljen til Herøy kommune, og alle lån i porteføljen kan vere aktuelle for refinansiering i budsjettåret 2019. Rådmannen står fritt til å betale budsjetterte avdrag på dei lån han finn føremålstenleg, uavhengig av opprinneleg vedtak.

- 15. Rådmannen får fullmakt til å utføre budsjettendringar for det som vedkjem refusjon sjukeløn opp mot vikarutgifter, samt endringar knytt til mva kompensasjonen.

- 16. Kommunestyret vedtek budsjettet for 2019 og økonomiplanen for perioden 2020-2022 på grunnlag av dei rammer og føresetnader som er fastsett i denne planen.

PS 43/18 INTERKOMMUNALT SAMARBEID OM FELLES BRANNSJEF MED VANYLVEN KOMMUNE

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Arbeidsmiljøutvalet - 19.11.2018

Herøy kommunestyre godkjenner framlegget til vertskommuneavtale om felles brannsjef for Herøy kommune (vertskommune) og Vanylven kommune (samarbeidskommune).

Avtalen gjeld frå 01.01.2019.

MØTET SLUTT!

